

Seterbrukaren

Skrift frå Norsk Seterkultur
Nummer 1 - mars 2001

Innhold:

<i>Arvesøvet i fare!</i>	s. 2
<i>Heimesida</i>	s. 2
<i>Årsmøte og seminar på Dovre</i>	s. 3
<i>Verdiskapingsprogrammet</i>	s. 3
<i>Nye internasjonale kontaktar</i>	s. 3
<i>Ny giv for seterdrifta</i>	s. 4
<i>Over 70 års seterliv</i>	s. 5
<i>Budeieselet 18. august 2000</i>	s. 5
<i>Framtid for seterdrifta</i>	s. 6
<i>Beitebruksplan må inn i kommuneplana</i>	s. 7
<i>Diktet frå Årbok frå Toten 1998</i>	s. 8
<i>Nokon som treng hjelp?</i>	s. 8



Norsk
Seterkultur

Urgjevar: Norsk Seterkultur,
6214 Norddal
telefon 70 25 92 29
70 25 91 77
telefaks 70 25 91 57
E-post: seterkul@online.no
www.seterkultur.no

Redaktør: Torhild Svisdal Mjøen
Trykk: Olav Snøfugls Trykkeri,
7340 Oppdal

Foto framside: Kjell Perry Drotninghaug

Styret:

Jostein Sande, leiar
Berit Runningen
Anne Ulsaker Bækken
Marit Hoel
Gjermund Stormoen

Seterkalenderen

Hva skjer sommeren 2001?

I mai-nummeret av Seterbrukar-
en vil vi gjerne presentere ulike
arrangement som skal foregå den
kommende seter-sommeren. Vi
har allerede fått meldinger om
noen kurs og «seterdager», men
det er sikkert mye, mye mer som
skal skje. Kom med det så snart
som mulig, og vi skal også legge
det ut i Seterkalenderen på
www.seterkultur.no.

Stofffrist 20. april

Betal medlems- pengane!

Vi har lagt giroen for innbetal-
ing av medlemspengar og abon-
nement ved denne Seterbruk-
aren. Det kostar å gi ut bladet -
og det krev sjølsagt pengar å
halde organisasjonen elles i
sving. Oppgåvene er store! Like-
vel held vi kontingenten uendra,
kr. 150,- for støttemedlem/
abonnet, kr. 250,- og kr. 400,-
for organisasjon/ institusjon.

Vi håpar dokk alle sett pris på
både bladet og det organisa-
sjonen elles arbeider med - og
blir med vidare ved å betale for
medlemskap og/eller abonne-

Arvesølvet i fare

Det trengst strengare rammer!

I rapporten Seterbruk i
Oppland - status og virkemidler
blir det slege fast at det har gått
føre seg omfattande
hyttebygging i dei fleste sentrale
seterområda i fylket. Og vidare
seiast det at «talet på planlagte,
ikke utbygde områder også er
svært stort. Arealkonfliktene vil
derfor akselerere i årene som
kommer». Situasjonen er
mykjegodt den same i andre
fylke - og det tykkjast heilt klårt
at kommunane i alt for liten
grad brukar plan- og
bygningslova for å hindre
øydelegging av våre beste
beiteområde og mest verdfulle
setergrender. Det manglar
forståing og det manglar vilje til
å bruke dei reiskap som finst i
lover og reglar. Og samstundes
har vi - frå fleire kommunar - eit
inntrykk av at dei aktive
seterbrukarane i liten grad blir
tekne med på råd. Politikarane
utnyttar usemje mellom
grunneigarane - «splitt og
hersk», heiter det vel, og ein
opplever siling av informasjon.
Slåande er det óg at
organisasjonane i landbruket er
så fråverande i slike prosessar.
Tilliks med mange politikarar er
ein nok der i garden óg redd for

å «brenne fingrane sine» ved å ta
heilskaplege og prinsipielle
standpunkt i saker der det er
lokal usemje. Eit uttrykk for
organisasjonane sitt fråver, er
den straumen av henvendelsar
Norsk seterkultur får frå
seterbrukarar og andre med
positiv interesse for setrene, med
ønskje om hjelp i konkrete
saker. Såleis har vi ei rekkje
saker å kjempe med - men
sjølsagt ikkje ressursar til å følgje
opp alt like godt.

Diverre er det ikkje mykje
trøst å finne i det
kommunalpolitiske lendet. Vi
har eit klårt inntrykk av at
ordførarar i hopetal no
«kappspring» for å gjera sine
område så attraktive som muleg
for utbyggingsinteressane. Så
langt har det gått hardt utover
seterområda! Såpass romsleg
som vi har det her i landet, så
burde det vera muleg å finne
alternativ til nedbygging og
innbygging av seterstølane. At
politikarar tek lett på verdiar
knytt til natur og kultur er ikkje
så overraskande, men at dei
ikkje ser verdiskapingspoten-
siale i det levande, aktive,
seterbruket er meir
oppsiktsvekkjande!

Vi kan vel óg i ein del tilfelle
etterlyse meir handlekraft frå
miljø-, kultur- og
landbruksstyresmaktene, det
finst både lover og reglar - og
høve til å bidra til dialog og å
koma med konkrete løysingar -
som hindrar dei verste
nedbyggingane. Men
samstundes treng dei ulike
forvaltingsorgana strengare
rammer. I rapporten om
seterbruket i Oppland blir det
konkludert med at
«Miljøverndepartementet bør
med utgangspunkt i dette (dy
arealkonfliktane i seterområda)
utarbeide forskrifter etter plan-
og bygningsloven eller
rikspolitiske retningslinjer som
gir klarere rammer for
hyttebygging og andre tiltak i og
i nærheten av seterområder.
Dette vil være en basis for å
styre og forbedre arealbruken i
tilknytning til setermiljøene.»

I stadig fleire kommunar er
det politikarar og utbyggings-
interessar som drøymmer om å
skape nye «Kvitfjell», «Hafjell»
og «Trysilfjell» - så det hastar
med å få på plass eit bolverk
mot dei som er viljuge til å ofre
seterbruket!

Jostein Sande

Heimesida

er på alle måtar en «arena» å spre informasjon
om seterdrifta, også om produkt og tilbud i
reiselivssammenheng. Vi er i ferd med å få på
plass linker til enkeltsetre - både til slike som har
egen heimeside og tilbud på setre som blir
presentert på nettsidene til reiselivslag, destina-
sjonsselskaper, kommuner o.a. Dette er et
område vi ønsker å sette i system, så foreløpig er
det mest som eksempler. Kom i allefall med det
dere har! Mange kontakter Norsk seterkultur for
å få opplysninger om eks. mulighetene for

ferieopphold på støl - og stadig flere bruker
internett for å skaffe seg kunnskap om ha som
finnes av tilbud.

Vi ser ellers at stadig fleire organisasjonar -
både i inn- og utland - legger ut linker til Norsk
seterkultur, noe som sjølsagt gjør organisasjonen
mer kjent- og med et godt opplegg fra vår side vil
vi kunne få på plass et godt markedsførings-
opplegg. Kortfatta informasjon om Norsk
seterkultur og seterdrifta i Norge er for øvrig noe
vi snart skal ha på plass på heimesida vår.

ment. Vi oppfordrar óg etatar,
institusjonar og organisasjonar
til å betale. Mange har vi hatt -
og har - godt samarbeid med, og

vi håpar og trur kontakten med
Norsk seterkultur er nyttig for
alle som arbeider med landbruk,
bygdeutvikling, kulturvern,

miljøvern, arealplanlegging,
friluftsliv m.v.

Årsmøte og seminar på Dovre 24. mars

Som vi gjorde kjent i førre utgåva av Seterbrukaren og på www.seterkultur.no er det årsmøte og eit seminar laurdag 24. og søndag 25. mars - på Toftemo Turiststasjon på Dovre. I år som i fjor samarbeider vi med «syskjenbarnet» Norsk Gardsost, og legg opp til ei samling som skal gi både sosialt og fagleg utbyte. Laurdagen tek programmet til kl. 11.30. Det vert lagt opp til at vi under møtet kan få smake produkt frå gardar og setre, og vertskapet på Toftemo diskar elles opp med

den maten som trengst. Overnatting er det óg råd med. Heile arrangementet er sjølsagt ope for alle interesserte. Laurdagskvelden blir det felles middag og triveleg samkome, med kortare innslag av både kulturell og fagleg art. Toftemo ligg ved E6-2 km nord for Dovre/ 10 km sør for Dombås. Sjå elles det detaljerte programmet som er vedlagt denne Seterbrukaren.

Verdi- skapings- programmet

for matproduksjon er mykje omtala for tida. Dette er eit «program for for innovasjon og mangfold på matområdet», og satsinga skal gå over 10 år. For inneverande år er 50 millionar kroner disponible til å stimulere produksjon av mat med «særpreg og av høy kvalitet med utgangspunkt i markedsuligheter og brukerbehov». Det er skissert seks handlingsområde for programmet:

1. Nyskaping og bedriftsutvikling,
2. Distribusjon og markedskanaler,
3. Kompetanse,
4. Mobilisering og nettverk,
5. Merkeordningar for beskyttelse av produktnavn og særpreg,
6. Andre offentlige rammebetingelser.

Etter det vi kjenner til er det alt mange søknadar som er komne inn til SND, og det ligg opplagt potensiale og utfordringar i produkt frå setrene. Såleis er Norsk seterkultur og i ferd med å utarbeide søknad om midlar til eit forprosjekt for å utgreie etablering av eit nettverk, som i første rekkje skal ta seg av marknadsføring av seterprodukt.

Det vil bli rikeleg høve til å sette seg meir inn i Verdiskapingsprogrammet under samlinga på Dovre 24.-25. mars.

Nye internasjonale kontaktar

Vi får stadig påminningar om at seterkulturen er internasjonal - ja, vi kan vel eigentleg seie global. Sist sommar fekk leiaren i Norsk seterkultur, tillikes med fleire andre seterbrukarar, høve til å møte ei gruppe rådgjevarar og seterbrukarar frå Nord-Pakistan. Gruppa frå **Aga Khan Rural Support Programme i Baltistan** var da på ei rundreise, som lekk i samarbeidet mellom Noragric på NLH, Ås og AKRSP. Ekskursjonen la vegen innom ei rekkje organisasjonar, museum, veterinærar, gardar og setre. Under avslutningsmiddagen sa Mohammad Ali, dagleg leiar for AKRSP i Baltistan, at det som hadde gjort sterkest inntrykk og betydd mest var møtet med mennesker - og den interesse, vennlegheit og engasjement dei hadde møtt. Prosjektet i dette fjellområdet i Pakistan dreier seg i vesentleg grad om beitebruk, husdyrhold og «biodiversitet» - og det var ikkje vanskeleg å finne tema av felles interesse for gjestar og vertskap. Vi vonar å koma attende med litt stoff om prosjektet - og særleg seterkulturen under såpass fjerne himmelstrøk.

Avstanden er ikkje fullt så stor til Algäu i Bayern i Tyskland. Der har vi fått

kontakt med den meir enn 75 år gamle seter-organisaasjonen **Allgäuer Alpwirtschaft** Verein med kontor i byen Kempten. I bladet deira - «Auf der Alpe - Blätter zur Förderung Allgäuer Alpwirtschaft» - blir ein kjent med både historia - og gardsdrift og seterbruk i dag. Dette området, der vi m.a. finn byen Oberstdorf, er kjent for mange gode ostar. Ysting er det mykje av både på gardar og stolar, både av kumjolk og geitmjolk, og ikkje minst er det mykje seterost å finne på bondemarknadane i tettstader og byar når setersesongen er over. Utstillingar og arrangement er det óg mange av, som i Alpelanda lenger sør. Og ikkje minst er folk i desse traktene flinke til å skape festivitats kring heimkoma frå setrene. Opptog med vakkert pynta kyr, seterfolket i folkedrakter og festlege tilstellingar høyrer med. Om nokon ønskjer å reise dit - for å sjå nærare på seterstell og ysting - så kan ein rekne med å bli godt motteken. Vi håpar i allefall å kunne utveksle idear og røynsler med denne organisasjonen, og alt i neste nummer av Auf der Alpe vil det vera ein liten artikkel om seterliv på Sunnmøre. . . skreven av ei tysk buedeie.

Ny giv for seterdrifta

– men hyttefelt truar stølsområdet

Etter om lag femti års opphald kunne ein på ny høyre kubjoller og møte kyr med velfylte jur i sætermarkene kring Nysætervatnet i Sykkylven kommune i Møre og Romsdal. På Drotninghaug, fremste garden i Velledalen, held Kari Hjorthol og Kjell Perry Drotninghaug og familien til. For fem år sidan kunne dei ta nyefjøsen på Drotninghaugstølen i bruk. (Sjå biletet på framsida.) Om lag samstundes vart det òg nytt liv på Dravlausstølen, rett over dalen, på hi sida av Sætervatnet.

- Vi har ikkje angra på at vi tok oppatt sæterdrifta, det har gått greitt frå første dag og sæterdrifta er svært viktig for drifta av denne garden, seier Kjell Perry Drotninghaug. Garden er eitt av seks mjølkeproduksjonsbruk i Sykkylven som vert driven økologisk. Kvoten er på 57.000 liter. Kjell fortel at dei har gode innmarksareal på garden, men ikkje tilstrekkeleg beite nærast inntil. Dei drygt to månadene dei 10-12 kyrne og nokre ungdyr er på stølen er avgjerande for drifta. Som på ein del andre gardar i bygda har vi òg satsa på vestlandsk fjordfe, fortel Kjell, og legg til at det er ein kurase som verkeleg syner sin kvalitet på sætra.

Med økologisk drift er kraftformengda avgrensa, og Kjell fortel at kyrne greier seg med utmarksbeite. Flokken tek lengre avstand etterkvart som det lir på sommaren. Da må ein av og til hente dei heim. Men både tilvenninga første sommaren og drifta seinare har gått relativt greitt. Kyrne går ute om natta, utan inngjerding. Fjøset er bygd for 14 kyr, og det er bygd slik at det glir godt inn i naturen og mellom dei eldre seterhusa i stølsgrenda.

Kjell fortel at dei gjerne leiger budeie i minst ein månad. Dette gir rom for ein liten ferietur, og tid til å gjera andre ting på garden. Det har vore lett å få hjelp. Her spelar det nok inn at det òg er drift på grannesstølen tvers over dalen. - Der sætrar Nils S. Drabløs og Gunhild Øigarden - med gard på Dravlaus - og Odd Drabløs og Sissel Brunstad - med gard på Brunstad. Dei har nyleg teke i bruk nytt fjøs for dei to buskapane, og desse bruka er òg mellom dei driftige økobøndene i bygda. Nils Sigurd kjenner vi elles m.a. som leiar i

Laget for Vestlandsk Fjordfe.

Reguleringsendring - frå stol til hyttefelt

Vi er i eit område der det totalt sett er svært mange hytter - og fleire vil det nok verte. På spørsmål om dette inneber konflikstar, svarar Kjell at dei aller fleste tykkjer det er positivt at sæterdrifta er oppatteke. Sjølv om stølane har fått ein del hytter av nyare dato, har det meste av stølslandskapet vorte halde ved like til denne tid. Stølane har hatt ein vernestatus, men no opnar dei kommunale planane for reduksjon av det verna stølsområdet - tilhøyrande gardane Drotninghaug og Lade - til fordel for utviding av eit hytteområde tett inntil! Verneområdet V5 er føreslege redusert til fordel for eit nytt hytteområde H3. Her, som i mange tilsvarende saker, har grunneigarane ulikt syn. For dei som framleis driv aktiv beiting med utgangspunkt i stølen representerer planendringa eit trugsmål. Dei aktive seterbrukarane i området rår frå ei ytterlegare nedbygging og innbygging av stølsområda. Samstundes peikar dei på at regulerings-føresegnene ikkje har arealgrensar for storleiken på hyttene - faren for hytter i «Røkke-storleik» er tilstades.

Jordbrukssjefen i Sykkylven legg stor vekt på den aktive beitebruken i området i si

vurdering. Han meiner det er grunn til å merke seg at det «både på Drotninghaugstølen og Dravlausstølen, som ligg på motsett side av Sætervatnet, i dag er aktiv sætring med mjølkekyr på tradisjonelt vis. Det er heller sjeldan kost på våre kantar. Det er viktig å vere merksam på at å verne stølane ikkje berre handlar om å ta vare på bygningar. Både skjøtsel av sætervoll og omgjevnaden og ikkje minst at dei kan brukast på tradisjonell vis, er viktige element i vernet».

Fylkesmannen rår til at det vert sett rår for hyttestorleiken, og rår frå fortetting av hytteområda inntil stølane av omsyn til beitebruken. Og i uttalen frå kulturavdelinga i fylkeskommunen heiter det at ein vil «på det sterkaste» oppmode kommunen om ikkje å ta meir av stølsområda til hyttefelt. - Det er frå mange hald peika på at det finst alternative areal for hyttebygging, men trass i alt dette har kommunestyret nyleg slutta seg til reguleringsendringa. Saka viser ein klassisk konflikt som mange seterbrukarar opplever, og som truleg stadig fleire vil koma til å oppleve - om ikkje seterområda snarasat får eit sterkare vern i lover og reglar! Avgjerda i kommunestyret vert truleg anka til fylkesmannen.



Over 70 års seterliv

Vi har fått eit triveleg brev frå Tone Rui som bur i Edland i Telemark. Diverre har brevet vorte liggjande så reint for lenge. Men det fortener så absolutt plass i Seterbrukaren. Tone er no 87 år gamal - og kan sjå attende på over 70 sommar på stølen!

Gardsbruket - med godt 30 geit - er overteke av sonen. Men sidan han har arbeid borte, er det ei av dotrene som steller geitene - og som har lært stellet på stølen og etterkvart overteke etter bestemor Tone. Sidan ho skreiv brevet har ho visseleg vore på stølen enda ein sommar. Vi let Tone fortelje sjøl:

Eg er no 87 år gamal og har det meste av det mitt drive med dyr og stølsbruk. Over 70 år har eg hatt mitt tilhald på stølen om sumaren. Som halvt vaksen heime hjå foreldra måtte eg vera med å ta arbeidet med mjølkning av rundt 100 geiter og nokre kyr. Vi leigde geit frå Vestlandet på den tid - som vi henta om våren og leverte attende om hausten. Det var sjølsagt berre mjølkning for hand og ysting, så det vart mange kilo ost kvar dag. Vi hadde og nokre kyr. Stølen låg 1 1/2 mil veg heimanfrå og alt måtte fraktast på hesteryggen, då det berre var gangveg.

I 1937 vart det bygd ysteri - Haukelid Ysteri - så då måtte vi få oss plass nærare bilveg for å levere mjølka dit. Eg var då så heldig å få leigd beite ved den nye vegen som vart opna over til Setesdal, der vi fekk sett upp eit lite bygg til å byrja med og som



seinare har vorte utvida etterkvart. Men så kom krigen og vi måtte til å yste geitost på ny. I 1951, etter oppussing, kom ysteriet i gang att, men er no omgjort til å laga eit nytt osteprodukt som gjeng i frosen form til utlandet.

Så kom denne kvotereguleringa på mjølk, så etter at sonen min overtok får han ikkje levere all mjølka av dei kring 30 geitene. Difor må vi yste ein del. Årsaka til den låge kvoten er nok at vi måtte kutte ned på

geitflokken då vi vart eldre - vi hadde berre handmjølkning. Det er vel det dei reknar kvoten etter, så um her er areal nok, så vart det berre kvote etter ein tredjedel - men sonen min har fått kjøpt litt inntil. - Det er blitt bygd ny geitefjøs for maskinmjølkning. Og etter at vi fekk kjøpt ei tomt på ca. 5 mål til støl, er det der og bygd geitefjøs for maskinmjølkning, ystehus og ny hytte for bustad, då den gamle vart litt for lita - men er til god bruk for geitosten. Så betalar vi litt i leige for beite.

Vi fekk kjøpt eit lite bruk attåt heime, så no har han rikeleg fôr til 30-40 geiter som dotra steller, og no har eg lært upp henne så ho har overteke ystinga. Det er seinste sumaren 1999, som eg har overlate alt til henne, etter 72 års stølsliv. Eg merka da at det vart for tungt. Men det har vore godt å vera på stølen. Når våren kom lengta eg til fjells, i den friske fjell-lufta fekk kroppen styrke og mot for mange tunge tak gjennom eit langt liv. No kan eg ta det med ro, men så lenge eg er i form, må eg koma meg til fjells når våren kjem, den beste staden for ei gamal stølsbudeie, der geitosten har vore og er sentral og har fått god omtale.

Budeieselet 18. august 2000

Det er natta for avreise, hjemreise - og Pus og jeg sitter i lyset frå parafinlampa, hører ovnen knitre, fossen buldre monotont. - Det er Pus sin andre seter-sommer, min tredje. Vi prøver å oppsummere våre inntrykk, og jeg fant små setningar på et krøllete ark i lomma på «melkedressen» . . .

En smal dal som inneholder, rommer, så myel! Man går i den, blir en del av den, og oppdager en verden som man aldri blir lei. Opplevelsen av å skulle gå på tur, men ikke komme engang halvveis - for man fant blomster som man ville tegne, ei selskapssyk geit, bær, en «ny» utsikt, tanker som plutselig måtte noteres, vil-bare-bade-i-elva-først - og så nærmet det seg fjøsstell igjen!

Sansense åpnes etter dvalende byvinter, og jeg kjenner hvor takknemlig jeg er for disse somrene - og for møtet med mennesker, en dal, noen firbeinte - som har klart å svi bumerke inn, et sted i hjertet mitt. Takk!

Marthe

Bildet på side 4 viser at om fjøsstellet på setra har vorte modernisert, så er det gamle selet som før. Og budeiene av i dag finn samhaldet og trivselen lik generasjonane som gjekk føre. Her er Hilde-Gunn Hervik, Marthe Mølstad og Maria Stenklev samla til kveldsete.

**Med helsing frå Edland
Tone Rui**

Framtid for seterdrifta - med stolheis over seterbuua?

Utbyggingsinteressane - full forkøyrrett

Dette er ikkje eit skrekk-scenario teke or lause lufta, men henta frå framlegget til kommunedelplan for Kvitfjell 2000-2010 - som er under handsaming i Ringebu kommune. Det handlar konkret om Segelstadsetra, ei stor setergrend med i alt 11 seterbol, av dei 5 i full drift med mjølkeproduksjon. Med dei 3 mjølkeproduksjonsbruka som setrar på Svinslåa, er det i alt 8 seterbol i full drift innanfor planområdet. - Trass i ein del fine ord om seterområda i føresetnadene for planen, viser dette lite att i det konkrete planframlegget. Her får utbyggingsinteressan full forkøyrrett, og det ser så langt ikkje ut til å uroe fleirtalet i dei kommunale instansane at dette betyr kroken på fjøsdøra for fleire mjølkeproduksjonsbruk og avvikling av ei av dei mest aktive og livskraftige setergrendene i vid omkrins!

Situasjonen i Kvitfjell-området er eitt av mange tilfelle som viser at kommunane ikkje brukar plan- og bygningsloven for å hindre at setermiljø og beiteområde blir nedbygd og rasert. På overskueleg sikt står vi her truleg overfor ein større trussel for seterdrifta enn den generelle landbrukspolitikken!

Konsekvensanalysar

Kommunedelplanen for Kvitfjell er i sanning gigantisk! Det handlar om planar for hytter, hotellanlegg, skiløypar, heisanlegg og vegar, i ei utbyggingstakt som tilseier 800 nye sengplassar kvart år i ein tiårsperiode! Planen reiser sjølsagt ei lang rad spørsmål knytt til konsekvensane for natur og miljø, kulturlandskap og tradisjonell næringsaktivitet som skogbruk, beite- og seterbruk. Det har vore etterlyst grundige konsekvensanalysar, men så langt vi har gått inn i «dokumenthaugen» manglar viktige element i så måte. Fylkeslandbruksstyret ber t.d. om at konsekvensane for landbruket må koma tydelegare fram når planframlegget blir lagt ut til offentleg høyring. Både miljøvernaveidinga til Fylkesmannen og fylkeslandbruksstyret varslar motstand mot stolheistrasséen gjennom Segelstadsetra. Miljøaveidinga legg stor vekt på kor viktig seterdrifta er både for kulturlandskapet og klimaveronene.

Frå landbruksstyresmaktene blir det slege fast at «**opphør av setring betraktes som hovedtrusselen mot bevaringen av seterlandskapets verdier**», og det blir peika på det særlege ansvaret Norge har i så måte. Om dei planlagde utbyggingane på og kring Segelstadsetra seier fylkeslandbruksstyret vidare at det ikkje finst alternative beiteområde rundt setra - «og på grunn av terrengform og andre fysiske stengsler i området vil en nedbygging av S6, U8, U11 og U12 medføre at mjølkeproduksjonen på setra må legges ned og at en ikke lenger kan utnytte utmarksbeite i området på dagens nivå. For i allefall en av setereierne vil en nedlegging av mjølkeproduksjonen på setra medføre at hele hans mjølkeproduksjon vil måtte nedlegges da han ikke har areal og beitemuligheter ellers». Kommunen blir vidare oppmoda om å klårgjera kva følgjer utbygginga vil få for drifta av setrene og dei tilhøyrande gardsbruka. Så vidt vi kjenner til er lite gjort av slike


konsekvensvurderingar, og det ligg heller ikkje føre noko slikt som beiteplan.

Innanfor det i alt 50 kvadratkilometer store området som planen omfattar er det i alt 7 seterområde med samla 49 seterbol. I tillegg til dei setrene som er i drift, går det føre seg omfattande grovforproduksjon på store dyrka areal i tilknytning til setrene. Fylkeslandbruksstyret seier m.a. at ein med bakgrunn i deler av planframlegget sine konsekvensar for setermiljøet, utnyttinga av utmarksbeita og ein del av dei dyrka areala, vil kome med «innsigelse til planforslaget dersom det ikke endres.»

Delte haldningar

I dette tilfellet, som i mange liknande saker, er haldningane mellom grunneigarane delte. Dei som brukar utmarka mest aktivt, med mjølkeproduksjon og anna intensiv beiting, er mest negative. Dei som ikkje pr. idag har slike interessar i området, har fokus på anna utnytting og ser sjølsagt økonomien i dei storstilte utbyggingsplanane. - Og både i dette området, og andre stader, får ein nok etterkvart sjå at det er dei som ser lett-tente skillingar i hyttebygging, alpinanlegg og golfbanar m.m. som avgjer framtida for desse areala. Om ikkje politikarane snart syner ansvar! - Utbyggingsinteressane, i dette tilfellet Kvitfjell Vest AS, Terra Eiendomsutvikling AS og Kvitfjell Utvikling AS, pressar på! I eit brev til kommunen seiest det med reine ord - med vising til «varslet innsigelse på helt avgjørende punkter - « at dersom «disse innsigelsene opprettholdes, vil det medføre så dramatiske innstramminger i rammebetingelsene at utbyggingen ikke vil kunne gjennomføres.» M.a. blir det slege fast at stolheisen over Segelstadsetra - til toppen av Segelstadseterkampen - er heilt naudsynt for utbygginga på vestsida. Dei er viljuge til å flytte heisen litt, men det er ikkje muleg å unngå at den vil gå over seterområdet. Ein viss omtanke for setrene ligg det vel i dette, for samstundes blir det óg peika turismessig utnytting av seterområda og inntekter frå utbyggingsareala. Men med slike planar er det i allefall ikkje teke omsyn til aktiv setring.

I den tidlegare planen for Kvitfjell-området var det lagt opp til å skjerme dette seterområdet - i form av frisone. I den reviderte planen ser det stygt ut for Segelstadsetra. Det er likevel å håpe at den vidare prosessen kan berge dette vitale seterområdet.



Beitebruksplan må inn i kommuneplana

- Beitebruksplaner bør på plass i arealdelen til kommuneplanen for å sikre betre ressursutnytting og forebygginge konflikter. Ved samhandling mellom landbruksnæringa og kommunen er det relativt overkommeleg å få utarbeidd beitebruksplan. Og er den først inne i kommuneplana, vil den sjølsagt vera med ved vanleg rullering og kunne oppgraderast etterkvart. Det er Erling Skurdal, beitekonsulent i Norsk Sau- og Geitalslag, som seier dette i ein kommentar til dei utfordringane seterbrukarane, og mellom dei seterbrukarane, står overfor i kommunar som satsar på omfattande hyttebygging.

Ein god del kommunar har i dag beitebruksplaner. Men både kvaliteten og statusen er variabel, seier Skurdal, som i si tid utarbeidd ein «mal» for slike planer (1995) og som kjenner denne materien ut og inn. Det er viktig at kommunen er tungt inne i planarbeidet, så å seie ynskjer plana som reiskap i arbeidet med å finne optimale løysingar i disponeringa av utmarka. Dette engasjementet syter for kvalitetssikring og samstundes er det viktig med eigarforhold til plana. Dessutan, det finst fleire eksempel på gode planer - men utan status. Såleis må beitebruksplanne for all del inn i kommuneplanen - og dermed få status.

Er det først utarbeidd beitebruksplan er den lett å fornye - og forbetre gjennom t.d. vegetasjonskartlegging. Ei beitebruksplan må sjølsagt óg ha ein tiltaksdel. Dette er ein føresetnad for vidareutvikling, og om ikkje ansvaret kan plasserast for alle tiltak, så bør det i allefall ligge klare intensjonar i planen, seier Erling Skurdal.

Skurdal held fram planprosessen i Lesja som eit positivt døme. Der er ei omfattande beitebruksplan inne i arealdelen av kommuneplanen, og det er ingen tvil om at dette vil verke konfliktdepande. Her er eldgamle driftveggar og «råk»registrert - og dermed er tilkomsten til beiteområda sikra. I dette ligg det sjølsagt óg ei stor kulturhistorisk verdi. For seterstolane er det tale om verneonar i høve til hyttebygging. Vidare fortel han at det i Oppland er i gang eit

større prosjekt som går nærare inn på arealdisponeringa i høve til beitebruken i to ulike kommunar. Prosjektet tek føre seg bykommunen Gjøvik og Lesja. Viktig i dette prosjektet er det å sjå på mulegheitene som ligg i lovverket, i første rekkje plan- og bygningslova. - Skurdal fortel óg at Dovre kommune stiller sterkt i høve til kartlegging og planlegging i beiteområda. Heile kommunen er vegetasjons-kartlagt, beitebruken ligg inne på digitale kart. Og ut frå den kunnskapen ein såleis har erverva, tilbyr beiterettshavarane i Griningsdalen beite til fleire. Dette trengst for å hindre attgroing og reduksjon i det biologiske mangfaldet.

Men politikarane er passive - bevist eller ubevist - i mange kommunar. Kva gjer vi der? -Næringa har ikkje anna å gjera enn å ta initiativ sjøl. Argumentere med kor viktig det er å få med beitebruken i plansamheng, for å få til ei samla sett betre utnytting av ressursane i området, få fram den konfliktforebyggjande funksjonen ei beitebruksplan har, engasjere seg i planprosessen så tidleg som råd, og byggje alliansar i dei politiske miljøa. Få fram at ei arealdisponering som tek omsyn til beitebruken i eit langsiktig perspektiv ógså er eit positivt element for dei som skal ha tilhald på hyttene og reiselivsnæringa totalt sett, seier Skurdal.



Norsk
Seterkultur

Ønskjer du å bli medlem?

Som medlem er du med på å:

- Fremja seterdrifta og seterkulturen
- Leggje grunnlaget for eit framtidig informasjon- og kompetansesenter knytt til seterkulturen
- skape eitt nettverk og eit fagmiljø, for aktive seterbrukarar og andre interesserte

Du får bladet Seterbrukaren
4 gonger i året

Medlemskontingent 2001

Aktiv seterbrukar	kr. 250,-
Organisasjonar/institusjon	kr. 400,-
Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren	kr. 150,-

Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
- Organisasjonar/institusjon
- Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren

Navn:

Adresse:

Fylke:

Telefon:

Send også tilbud om medlemskap til:

Send kupongen til:
NORSK SETERKULTUR
6214 NORDDAL
Tlf.: 70 25 92 29 - 70 25 91 77
Fax: 70 25 91 57
E-post: seterkul@online.no
Bankgiro: 2367 20 51 169

Diktet

Frå: Årbok frå Toten 1998

Aslaug Skramstad (f. Stensvold i 1904) var i mange år budeie på forskjellige sattrer på Totenåsen. Aslaug skreiv dagbøker - med både dikt og teikningar. I fleire somrar var ho på Majersetra. I 1925 har ho veslesyster si med seg og skriv desse versa til henne.

Hælsing tæll lillesyster frå storesyster


Je har ei jinte- hu ær så snill og go -
og dønnna væsle jinta heiter Helga.
Hu steller kælver - mjølkekyr -
hu ær så gla ti æille dyr -
og je - je ær så gla ti væsle jinta.

Hu skurer krakker, gålv og bord, ja
bonker, kar og kopper,
og hu vil lære yste ost og kjinne.
Og sjøl om dæ blir venteti -
så vil a sæterjinte bli,
ja hu ær dykti både ute og inne.

Hu har så mange jøremål
og flyg så fort omkring -
ja hu er fresk og sunn og lett på foten.
Når mæddagssola heitest brenn -
hu vægen over åsen rein,
ja mange skrætt og sprætt frå Roa på Toten.

Hu trefs og rusler rundt omkring
og nynner for sæi sjøl,
men venter svært når syster fær i skauvven.
I blæint vil angsten stikke fram - når
mørkjinga og kvæln kjæm
Men så høres lokk og bjeller oppi Renna.

Men hu ær kjekk og modi
og ær slettes itte redd
for busemenn og traull frå Gaupåsskare.
Når mørkret famner hem -
når svarte skugger glir sæi fram -
hu sitt så lunt, klør «Prinsegutt» bak øra.



Nokon som treng hjelp?

Vi får av og til henvendelser fra folk som ønsker opphold på en støl - mot å ta et tak i arbeidet. Dette gjelder blant annet noen spreke pensjonister.

Har noen plass for slike - eller ungdom -organisert gjennom Grønt Spatak, så ta kontakt.

Vi er i ferd med å få på plass det praktiske opplegget for Grønt Spatak nå. Vi i Norsk seterkultur kan imidlertid ikke ta på oss så mye administrasjon i tilknytning til ordninga, så for nærmere informasjon - kontakt

Natur og Ungdom eller Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

*– til seters
for å gjere seg feit . . .*



**Rein
norsk
natur
og Felleskjøpets**

FORMEL

gir det beste resultat



Felleskjøpet